



Tidlegare sokneprest i Uskedalen, Lina Håland, møter born i menigheten i Chandigar.

**Inger Elise Helgeland og Eli Roseth Eik er saman med familien Håland på reise i India. Målet med turen er få kunnskap og innsyn i det diakonale arbeidet organisasjonen Haldis Children Home gjer for fattige born i Umbred i Nagpur i India. Uskedal sokn har støtta arbeidet med offergåver og andre innsamlingar. I morgon, fredag, er dei framme i Umbred. Til no har dei mellom anna gjesta menigheten i ein annan landsby.**

Etter 3 dagar med sightseeing i New Delhi, Agra og Jaipur kom vi til Chandigar. Menigheta her er gamle vener av familien Håland. Tidlegare har familien Håland støtta dei privat gjennom organisasjonen Hope. No greier dei seg sjølve.

Pastoren her har også ansvar for landsbyen 4 timars kjøring herifrå. Plassen vert berre omtala som landsbyen, Margunn visste ikkje kva den heiter. Landsbyen er langt nord og det er veldig kaldt der. Klede som ikkje skal til Umred vart sortert etter størrelse. Borna på biletet har alle fått kvart sitt klesplagg. Huene var veldig populære og kom på med ein gong. Borna sat som tende lys framfor Lina. Ho song for dei, og dei song for oss.



Chandigar ligg langt nord og det er trong for varme kle.

Det var skuletid, men etter kvart kom fleire born og også nokre vaksne. Borna fekk kvar si appelsin og banan og ruter med norsk sjokolade. Vi hadde med babytøy i små størrelsar. Dei skal til ein klinikk der babyar med klumpfot blir behandla. Svigedotter til pastoren arbeidar på klinikken.

I morgon fer vi vidare til Umred der barneheimen ligg.

Tekst/foto: Eli Roseth Eik  
Nett: Kristian Bringedal



Inger Elise Helgeland sorterer babykle som skal delast ut på ein klinikk for born med klumpfot.